



Kommentarar til prognoseinntaket

Vg1 Bygg- og anleggsteknikk:

Bakgrunnstala opnar for to klassar, det har skulen kapasitet til og det vil vere viktig for å oppretthalda eit godt og bærekraftig lærings- og fagmiljø. Skulen har eit godt samarbeid med lokale bedrifter og mange av elevane våre får også læreplassar via utplassering.

Vg2 Byggteknikk:

Vi ønskjer å oppretthalda klassen som før.

Generelt om tilbodet vårt i BA:

Skulen har eit godt tilrettelagt tilbod der samarbeid med næringsliv og praksisveker står sentralt i opplæringa. I tillegg til opplæring på skule, er dei fleste elevane utplassert i verksemder kvar 4. veke i faget "yrkesfagleg fordjuping", gjennom heile skuleåret. Dette er ei ordning som både elevar og verksemder er svært nøgde med. Gjennom denne ordninga får elevar og lærarar eit nært samarbeid med byggeindustrien og mange elevar skaffar seg lærekontrakt.

Helse- og oppvekstfag:

Inntakskontoret sin analyse av bakgrunnstala syner at det er tvilsamt om vi kan oppretthalda to klassar på Vg1 – vi ser i Vigo at det er 28 søkjarar med u.rett som har oss som andreval. Vi ønskjer sjølvstilt å oppretthalda to klasser sjølv om det vil by på faglege utfordringar. Vi har god erfaring med å følgje opp elevar med svake inntakspoeng (i år har f.eks den eine klassen ved HO et snitt på 29,4 poeng). Det vil også vera viktig med tanke på neste års rekruttering til våre to Vg2 klasser ved helse- og oppvekstfag. Alternativt er vi veldig interessert i oppretthalda klassetalet ved utdanningsprogrammet (viktig for å halda på fagmiljøet) ved å oppretta ein ekstra klasse ved Vg2 helsearbeiderfag som ein kompensasjon for nedlegging av ein Vg1 klasse.

Media- og kommunikasjon Vg3 (MKMED3---):

Skulen har i inneverande år to ordinære klassar ved Vg2 MK (gamal ordning), i tillegg har vi MKc – ei eiga lita gruppe med fem elevar som alle har enkeltvedtak på at dei skal vere organisert i «eiga gruppe», også på Vg3. Vi veit at alle dei fem har søkt 1.februar til Vg3 MK ved Arna. Søkjartala i Vigo syner at 27 elevar ligg i kolonne «tatt inn sum». Vi reknar med at dei fem elevane frå MKc er blant desse 27. Med å ha MKc organisert i eiga gruppe, vil skulen ha kapasitet til å kunne ta inn fleire elevar ved Vg3 MK slik at elevtalet vert tett opp mot 30. Eit anna alternativ vi har diskutert er å fylla opp klassen med elevar med «ordinær påbygg – STUSP» - vi kan få dette til dersom det er elevar som står utan tilbod ved skulestart.

Mvh

Marianne Rolland Løvskar
- rektor, Arna vgs-